



DET KONGELEGE  
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Dykkar ref

Vår ref

Dato

17/2845-26

13. desember 2017

## Statsbudsjettet 2017 kap. 226 post 21 - midlar til tilbod til ungdom utanfor opplæring og arbeid

### 1. Innleiing

Departementet viser til Stortingets behandling av revidert nasjonalbudsjett for 2017, jf. Innst. 401 S (2016-2017) og til invitasjon til fylkeskommunane daterte 20. juni 2017 om å søkje om midlar til forsøksordningar med nye tiltak for ungdom utanfor opplæring og arbeid.

### 2. Orientering om tilskotet

Med bakgrunn i årets budsjetttramme samt kriteria i årets invitasjon, får prosjektet til Hordaland fylkeskommune, Hjeltnes produksjonsskule, ein andel av omsøkte midler i denne omgang. Departementet tek sikte på ei vidareføring av ordninga og at tilskotet framover vil bli forvalta av Utdanningsdirektoratet. Vi vil oppmode fylkeskommunen til å jobbe vidare med prosjektet og sende inn ein ny søknad for 2018.

Kunnskapsdepartementet gir med dette 4 600 000 kr til Hordaland fylkeskommune til prosjektet, Hjeltnes produksjonsskule, slik det går fram av fylkeskommunen sin søknad. Midlane blir betalt ut til fylkeskommunen sin konto **5201 06 74239**.

Føresetnadene for tilskotet følgjer av Innst. 401 S (2016-2017), Innst. 12 S (2016-2017), Prop. 1 S (2016-2017), invitasjon av 20. juni 2017 og av dette brevet.

### 3. Kontroll

Kunnskapsdepartementet og Riksrevisjonen kan utføre kontroll med at midlane blir nytta etter føresetnadene. Riksrevisjonen har i henhold til *lov om Riksrevisjonen § 12 rett* til å krevje innsyn i opplysningar og dokument frå verksemda. Departementet kan krevje tilbake tilskotet heilt eller delvis dersom det ikkje blir nytta i samsvar med føresetnadene.

Postadresse  
Postboks 8119 Dep  
0032 Oslo  
postmottak@kd.dep.no

Kontoradresse  
Kirkeg. 18  
www.kd.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org no.  
872 417 842

Avdeling  
Opplæringsavdelinga

Saksbehandlar  
Monja Marie Evdahl  
22 24 77 55

#### **4. Rapportering**

Rekneskap og rapport for bruk av midlane merkast med 17/2845 og sendes til Kunnskapsdepartementet ved [postmottak@kd.dep.no](mailto:postmottak@kd.dep.no) innan 15. mars 2018. Rapporteringa skal omtale resultat og grad av måloppnåing. Fylkeskommunen skal bekrefte at midlane er nytta i samsvar med føresetnadene i dette brevet. Ei eventuell overføring av ubrukke midlar skal gå fram av rapporteringa.

Med helsing

Sture Berg Helgesen (e.f.)  
avdelingsdirektør

Monja Marie Evdahl  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrive signaturar*

Kopi

Riksrevisjonen